



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Utdanningsavdelinga

Vår ref.: 2006/11726

Arkivnr.: 632.3

Dykkar ref:

Vår dato: 30.01.2007

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 Oslo

Kultur- og kirke-dep.

01. FEB. 2007

2006/936 - 083

Høyring - Evalueringa av Den kulturelle skolesekken

Evalueringsrapporten "Ekstraordinært eller selvfølgelig" frå NIFUSTEP tar opp sentrale problemstillingar og peikar på nødvendige avklaringar og endringar som må gjerast, ikkje minst på sentralt nivå. Fylkesmannen i Rogaland har følgjande kommentarar til rapporten:

1. Mål og innhald

Det er vårt syn at DKS bør vere ei kultur- og skolepolitisk ordning der føremålet må sjåast i samanheng med overordna mål i læreplanverket for grunnskolen. Derfor må både kultur- og skolesektoren sjå arbeidet med DKS i samanheng med arbeidet for å nå skolen sine læringsmål.

Evalueringsrapporten refererer til ulike syn på kva som skal vektleggjast i DKS og til spenningar mellom monologisk og dialogisk formidling: Skal elevane vere passive mottakarar, eller skal dei også vere aktive deltakarar? Vi meiner at arbeidet med DKS må innrettast slik at både opplevings- og aktivitetsprinsippet blir ivaretatt. Utan ei slik tilnærming vil det ikkje vere råd å nå dei overordna måla for DKS slik dei er uttrykte i pkt 2.2. i St. meld. nr. 38 (2002-2003).

Elles vil vi nemne at det også er viktig å løfte fram og skape stoltheit kring den lokale kulturarven som fins i lokalsamfunna og skulane frå før.

2. Organisering

Med utgangspunkt i det som er sagt om mål og innhald, er det etter vårt syn viktig at DKS får ei klar forankring både i kultur- og skolesektoren. Eit nasjonalt DKS-sekretariat må ha med sentrale aktørar frå begge sektorane.

Også på regionalt og lokalt nivå må DKS byggje på eit forpliktande samarbeid mellom kultur- og skolesektorane. Det må arbeidast for sterkare ansvarleggjering, involvering og forankring av DKS hos skoleeigarar og skoleleiarar, og kulturskulane si rolle i DKS må avklarast.


Fylkeskommunen har ein sentral plass i styringa og gjennomføringa av DKS. Vi vil peike på at fylkeskommunen må sikre eit nært samarbeid med kommunane som skoleeigarar dersom dei overordna måla for DKS skal kunne bli realiserte.


Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

3. Ressursar

I samband med innføringa av Kunnskapsløftet blir skoleeigarane tilførte betydelege midlar til kompetanseutvikling frå staten, og både desse midla og midlar som skoleeigarane sjølve set av, blir i stor grad innretta nettopp mot denne reforma. Kompetanseutvikling er ein viktig strategi i ved innføringa av nye ordningar og tiltak, og DKS har etter vår vurdering kome uheldig ut her, sidan innføringa både har falle saman med innføringa av Kunnskapsløftet og med ein periode med stram kommuneøkonomi. Vi vil tru at å gi rom for å bruke noko av midla til kompetanseutvikling vil kunne vere ei god investering i startfasen av DKS – arbeidet.

Med helsing


Sølvi Ona Gjøl
utdanningsdirektør


Anders Aabø
førstekonsulent

Saksbehandlar: Anders Aabø
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 28
E-post: anders.aabo@fmro.no